



Kandidatnummer:

6032

(Dersom svaret skal leverast på namn, skriv du inn namnet ditt i staden for kand.nr.)

FRAMSIDE

ved svar av heimeeksamen, semesteroppgåve, rapport, essay m.m.

Emnekode:	SK-101
Emnenamn:	Skolebibliotek-kunnskap 2
Emneansvarlig (normalt faglærer):	Svein Skeltan og Elin Arnesen
Eventuell rettleiar:	
Innleveringsfrist/ tidspunkt:	22.01.14
Talet på ark inkl. denne framsida:	14
Merknader/Tittel på Bacheloroppgåve:	

Eg/vi stadfestar at eg/vi ikkje siterar eller på anna måte nyttar andre sitt arbeide utan at dette er oppgjeve, og at alle referansar er gjevne i kjeldelista.

Ja

Nei

Kopiering av andre sine tekstar eller anna bruk av andre sitt arbeide, kan bli sett på som fusk.

Kan eksamenssvaret nyttast til undervisningsfremål?

Ja

Nei

Gjeld berre gruppeeksamen:

Vi stadfestar at alle i gruppa har deltatt i arbeidet med eksamenssvaret.

Ja

Nei

Treng me eventyr i dag?

Oppgåve 1

Eventyra, eller det eventyrlege, er ei undergruppe av fantastisk litteratur der me kan møte troll og magi. "Brevet til kongen" som er gjengjeve i Safari 4, lesebok for 4.klasse, høyrer til ei litt meir realistisk undergruppe av eventyr.

Først vil eg lage ei analyse av dette kinesiske eventyret der eg kjem inn på sjanger, form og tematikk slik me brukar å analysere dei norske folkeeventyra. Er eventyra frå desse veldig forskjellige landa likt oppbygd? Deretter vil eg drøfte kva for nokon funksjonar eventyr kan ha for barn, og finne døme på målsetting ein kan ha ved å bruke eventyr i skulen. Treng me eventyr i dag?

På same måte som i norske folkeeventyr har "Brevet til kongen" ein ukjend forfattar, men forteljinga blir gjenfortalt av Leong Vå. Mjør, Birkeland og Risa, 2006, beskriv det slik (s.66):

Eventyra er ein del av folkeminna våre. Dei høyrer til ein munnleg kulturtradisjon, men med nasjonalromantikken og innsamlinga av folketradisjonen blei dei nedskrivne. Dei fann då stort sett si endelege form. Dei som skreiv ned eventyra, hos oss først og fremst Peter Chr. Asbjørnsen (1812-85) og Jørgen Moe (1813-82), kunne i stor grad påverke den endelege utforminga av eventyra.

Kan hende var det naudsynt å ha faste former når eventyr skulle forteljast munnleg. Det kunne til dømes gjere dei lettare å huske. Eit typisk trekk for eventyr er at det følgjer bestemte reglar. Blant personar som har forska på dette finn me Axel Olrik. Han kallar det episke lovar. Eventyr startar som kjent med "Det var ein gong", og slik startar og "Brevet til kongen". Olrik kallar dette *innleiingslova*. Det kjem snart fram at det er ein forteljar. Alt i første avsnitt står det: "På den tiden var det slik...." Forfattere skapar slik ein avstand, som er eit vanleg kjenneteikn i eventyr. Det er få personar med. " I denne landsbyen bodde det en doktor. Som alle andre hadde han ønsket seg en sønn, men han hadde bare fem døtre. Den yngste av døtrene hans het Ti Ying." (s.104)

Doktoren eller faren blir nemnd først. Han har høgare rang enn sonen han hadde ønska seg. Og denne sonen blir nemnd før dotrene. Mora får me ikkje høyre om i det heile. I følgje Olik kallast dette *framvektslova*.

Det er berre den yngste dottera, Ti Ying som blir nemnd med namn. Slik får me ikkje så mange personar å halde oss til, og me får inntrykk av at ho er ein viktig person i forteljinga. Olrik kallar det *bakvektslova* når helten blir nemnd til sist. Døme på dette i norske folkeeventyr er: " Per, Pål og Espen Oskeladden" eller "Dei tre bukkane Bruse", der den tredje bukken har den viktigaste rolla. Det at det er ein helt, slik som eg vil seie at Ti Ying er her, kallar Olrik *midtpunktlova*.

I dette eventyret stig spenninga når kongen seier at doktoren må i fengsel, etter at guten dør, og doktoren ikkje har lukkast med å berge han. Historia tar så ei overraskande vending når Ti Ying går imot regelen om at berre søner kan hjelpe foreldra. Ho følgjer faren ansvarsfullt i håp om at ho kan gjere noko sjølv om ho er jente. Dette kan me samanlikna med Olrik sin *gjentakingslov*, som bygger historia opp mot høgde og vendepunkt. Spenningskurva flatar ut når Ti Ying reiser i lag med faren til hovudstaden og ho planlegg korleis ho skal få kongen til å sleppe faren fri.

Tretallslova kjem ikkje tydeleg fram i starten på i denne historia slik ho vanlegvis gjer det i norske folkeeventyr. Det er til dømes fem dotrer og ikkje tre. Har femtalet kanskje ei anna tyding i Kina, enn i Noreg? I det store kinesiske eventyret "Abekongen" av Wu Ch`eng-en står det i ein omtale av boka: "Det handler om fem personer som reiser ut fra Kina for å hente Buddhas hellige skrifter til den kinesiske keiserde fem er naturlegvis mennesket: den guddommelige sjel, forstanden, sinnet, sansene og kjødet." Kanskje dei fem dotrene symboliserar det same?

I "Brevet til kongen" prøvde Ti Ying å få hjelp til å få tale med kongen tre gonger. Først spurte ho nokre vaktar, men dei ville ikkje høyre på henne. Deretter prestane i tempelet som heller ikkje hadde tid. Tredje gongen må ho stole på seg sjølv og hesten, Rød Hale. *Tretallslova* inneheld hindringar eller utfordringar som helten møter på vegen. Dette gjer at denne delen av eventyret og har like trekk med norske folkeeventyr. *Kvilelova*, som krev at historia ikkje sluttar for brått, men gjerne endar med bryllaup eller fest, stemmer i

dette tilfelle. "Sammen reiste de hjem igjen til landsbyen, og der ble det stor fest."(s.109)
Det at denne historia har ein lukkeleg slutt, er og typisk for eventyrsjangeren.

Eit anna trekk som gjer oppbygginga av denne kinesiske forteljninga lik dei norske folkeeventyra, er at historia startar heime, og at dei legg ut på ei reise for så å vende heim igjen. Denne enkle oppbygginga, i tillegg til Olrik sine lovar, gjer sjangeren lett tilgjengeleg for barn. Når det i tillegg er eit barn som er hovudpersonen, kan me seie at historia blir fortalt gjennom eit barneperspektiv.

Barneforteljninga bør vere gjenkjenneleg for barn. Heimen er det trygge utgangspunktet. Viss det skal skje noko spennande eller utrygt er det ein fordel at ein beveger seg bort frå heimen, gjerne på ei reise til ein annan stad. Der skjer kanskje ei endring til det betre, og familien kjem styrka heim igjen.

Barneforteljninga krev og ein lukkeleg slutt. "Brevet til kongen" oppfyller alle desse kriteria. Ti Ying bur i ein trygg heim, og faren har ein god jobb som doktor i landsbyen. Me får inntrykk av at han er urettvist handsama av kongen, når han får ei så streng straff som fengsel for at han ikkje redda guten. "De sendte bud på doktoren, men det var for sent. Livet stod ikke til å redde" (s.104) "Det var for sent" seier noko om at slektingen til kongen venta for lenge med å gå til doktoren. Altså var det ikkje sikkert at faren til jenta hadde gjort noko galt. Dette er ein vanskeleg situasjon for eit barn, og historia går bort frå heimen når faren må i fengsel. Kongen si avgjerd må endrast på, og det skjer i kongen sitt slott i " Den forbudte by" i hovudstaden. Jenta kan ikkje bruke makt for å få kongen til å sleppe faren fri, men må vere smart og bruke list og lempe. Ved å skrive eit brev, får ho bodskapen fram til kongen, viss ho berre får levert det. Hesten, Rød Hale blir brukt til å avlede vaktene, slik at ho får gitt brevet til kongen.

At eit barn kan utføra desse handlingane for å hjelpe ein vaksen, er kanskje ikkje så sannsynleg i den verkelege verda. Her beveger handlinga seg inn i den fiktive eventyrverda, der alt er mogleg. Barn kan drøyme seg vekk og vere heltar og ordne opp i det som er urettvist, for så å vende tilbake til den verkelege verda der alt er trygt og godt.

Russaren Vladimir Propp (1895-1970) har forska på eventyr og sett handlinga i eit eige system. Mjør, Birkeland, Risa 2006 seier(s.67):

Ved å samanlikna 100 undereventyr kunne han utleie ei rekkje meir og mindre konstante funksjonar. Ein funksjon er noko som fører handlinga vidare, t.d. at helten reiser ut, at helten blir sett på prøve, at helten får magiske hjelpemiddel, og så bortetter. Propp opererer med 31 funksjonar, men andre har forenkla modellen hans. Ei rekke med 11 funksjonar passar for mange norske folkeeventyr.

Eg vil undersøka om "Brevet til kongen" passar inn i Propp sine funksjonar. *Mangelen* kan vere at faren ikkje har ein son som kan ta seg av han. Det kan kanskje og vere at folk i landsbyen mister doktoren sin. Den vesle jenta sitt *oppdrag* blir å ta seg av faren, eller å frigjere doktoren. Dei legg ut på ei *reise* frå heimen og til hovudstaden. Der blir faren sett i fengsel, og jenta er her helten som må hjelpe han ut av fengselet. For å klare det må ho gjennom ein *kvalifiserande prøve*. Ho må avlede vaktene på slottet, slik at ho får treffe kongen. Til det treng ho *eit magisk hjelpemiddel*. Me har fått vite at det er hesten Rød Hale ho går til når noko er leit heime. Han er med på reisa til hovudstaden, og faren får kvile på han når han er trøtt. Det er hesten som på magisk vis hjelper Ti Ying i å avlede vaktene slik at ho kjem seg bort til kongen. *Hovudprøven* hennar er å få kongen til å lese brevet, og *seiaren* er at han hjelper henne å frigjere faren. *Mangelen blir oppheva* når Ti Ying lukkast med å ta seg av faren. Det kan kanskje og vere at doktoren blir sett fri, slik at han kan hjelpe dei sjuke i landsbyen. Far og dotter reiser tilbake til landsbyen (*heimkome*), men jenta kan ikkje vera sikker på at ho blir tatt vel i mot av dei andre som bur i landsbyen når ho kjem heim. Då ho reiste i lag med faren til hovudstaden trassa ho det som var vanleg oppførsel frå jenter. Det var sønene som skulle hjelpe faren. *Den glorifiserande prøven* kan vere korleis jenta blei motteken når dei kom heim. Dei norske folkeeventyra endar til vanleg med ein *bryllaupsfest*, men i dette tilfelle endar historia med ein landsbyfest. Dei som budde i landsbyen tok vel imot Ti Ying og faren. Det viser at jenta var akseptert som hjelpar, og dei var glade for å ha fått tilbake doktoren sin. Alle Propp sine funksjonar blir oppfylte. "Brevet til kongen" er altså eit ganske typisk undereventyr.

Mange undereventyr har element som gjer at dei nærmar seg kunsteventyret. Det kan vere forklarande innslag som det er fleire av i denne teksten. "På den tiden var det slik at foreldre først og fremst ønsket seg gutter"(s.104), eller "på den tiden fantes det ikke post eller postbud"(s.106). Andre døme i dette eventyret er: "Men han kom sjelden ut, bare når han skulle til tempelet for å be"(s.107), eller "kongen hadde gitt Ti Ying en fin kjole som hun hadde på seg"(s.109). Men det har ikkje spesielle personskildringar, som er eit typisk kjenneteikn for kunsteventyret.

I Safari 4 er det fargeteikningar til eventyret. Dette kan og hjelpe oss med å bestemma typane. Illustrasjonane har varme fargar, og me kan forstå av den sterke raudfargen at Ti Ying er hovudpersonen i forteljinga. Vakta er grå og fargelaus, det kan tyda at han ikkje har nokon viktig rolle, medan illustrasjonen av kongen på siste side, har ein gul, varm farge. Det forsterkar inntrykket av at kongen er ein varm type som har omsorg for jenta. Ansikta til desse personane er utydelege og kan fortelje oss at dei er meir typar som følgjer eit bestemt handlingsmønster, enn personar med ein eigen personlegdom.

Teoretikaren Algirdas Julien Greimas (1917-1992) har laga ein eigen modell for eventyranalyse som viser kva rolle dei ulike typane har. Hjø Mjør, Birkeland og Risa, 2006 står det (s.69):

Aktantmodellen avdekkjer kva forhold dei ulike aktørane i eventyret har til kvarandre. Forteljinga blir sett i "fryssposisjon", og dynamikken blir tydeleg.

Me kan seie at denne modellen kan brukast til å definere konflikten i historia. Eg vil nå sette eventyret "Brevet til kongen" inn i aktantmodellen for å finne ut dette.

Me har alt slått fast i følge Olrik sine lovar at Ti Ying er helten i eventyret. I følge aktantmodellen er ho *subjektet*. *Hjelparen* hennar er hesten Rød Hale, og *motstandarane* er kongen og vaktene hans. *Objektet* er faren til Ti Ying. *Prosjektet* hennar er at ho vil vise faren at ho kan ta seg av han sjølv om ho ikkje er gut. Ho må endre strukturen i landsbyen slik at jenter og kan hjelpe fedrane ut av vanskelege situasjonar, og ho må vera villig til å ta straffa for han. Ved å gjere dette kan ho oppnå å frigjere faren frå fengselet. Då kan han og fortsette arbeidet sitt. Kongen sitt med makta. Han les brevet frå Ti Ying, og blir imponert

over hennar mot. Difor endrar han seg frå å vere motstandar til å vere *givaren*, når han gir faren fridommen tilbake. Faren er *mottakaren*, og Ti Ying har nådd sitt mål. Ho har vist faren at ho kunne ta seg av han, og oppnådd at han kan fortsette gjerninga si som doktor i landsbyen.

Me opplever ei sterk binding mellom faren og yngstedottera. Dei andre dotrene er i bakgrunnen. Dei manglar namn, og me får ikkje høyre om at dei prøver å gjere noko for faren i den vanskelege situasjonen han er kommen opp i. Ti Ying viser omsorg for han ved å utfordre den rolla jentene har i landsbyen, og vere med han på turen til hovudstaden. Ho byr han hesten sin når han er trøtt. Me høyrer ingen ting om at ho sjølv er trøtt.

Det er forbode å snakke med kongen. Ti Ying prøver først å nå fram til kongen ved å snakke med hans menn slik loven tilseier, men når ho ikkje får hjelp av dei, utset ho seg for fare sjølv ved å snakke med kongen i staden for å gi opp. "Streng straff ventet den som våget å uroe kongen. Likevel gjemte Ti Ying seg bak et tre sammen med Rød Hale og ventet på at kongen skulle komme." (s.107)

For å nå sine mål, må ein vere villig til å gå imot det alle andre gjer og sette seg sjølv til side. Ti Ying fokuserar på det oppdraget ho har, og korleis ho skal fylla rolla som "sonen" til faren. Dette gjer ho ikkje berre av eiga vinning. Ho er bekymra for at dei sjuke ikkje skal få hjelp. Far hennar er den einaste doktoren i landsbyen.

Ti Ying oppnår eit mål på vegne av alle jentene i landsbyen. Dei får ein høgare status. Ho viser at jenter kan klare det same som gutar. Eit anna samfunnsnyttig mål som ho oppnår, er at dei sjuke får hjelp. Eventyret viser at ved å stå stødig på egne bein, når ein sine mål. Desse måla er tidsuavhengige. Dei passa då forteljinga blei laga, men er aktuelle i dag og. I deler av verda blir jenter ennå undertrykte, og sjølv i vårt land har me ei likestillingslov.

Det er mykje elende i starten på dette eventyret. Når ein treng gutar til å ta vare på seg i alderdommen, er det trøsteslaust å få fem jenter og ingen gut. Doktoren mister ein pasient, og blir straffa for det. Han blir sint på dotrene sine når dei blir leie seg. Det er hovudpersonen Ti Ying som snur historia ved å ta sine egne val. Ho får slutt på diskrimineringa mellom kjønna, og får faren til å sjå dotrene sine på ein meir positiv måte. I slutten på eventyret er alle glade. Eventyret får fram eit håp. Sjølv om det ser mørkt ut, kan

ein sjølv ta tak i livet sitt og oppnå å få det betre. Slik kan barn i dag og dra nytte av dette eventyret. Bo Møhl og Maj Schack skriver i sin artikkel, " når barn les" (s.103 -104):

Før barnet er 11-12 år er det ikke i stand til å tenke abstrakt og hypotetisk deduktivt. Før dette utviklingsnivau kan barnet derfor ikke helt forstå de abstrakte og skjulte sammenhænge, der bestemmer vort samfund.

"Brevet til kongen" står i Safari 4, som er ei lesebok for 4.klasse. Dette eventyret har altså vore i ei lærebok for barn som er under 12 år. Møhl og Schack meiner at desse barna les eventyr slik dei står. Eg trur at når budskapet kjem så tydeleg fram, greier barn i 4.klasse å få han med seg. Her ligg fantasiverda tett opptil den verkelege verda, og dei kan setta seg inn i ho ved å kjenne igjen element frå sitt eige liv. Ei lita jente har til dømes ikkje den erfaringa ein vaksen har, og difor må ho prestere noko som beviser at ho kan meir enn dei vaksne trur, noko Ti Ying gjer når ho bestemmer seg for å hjelpe faren. Dette kan vere eit slikt element. Barn i dag erfarar nok og at det kan vere vanskeleg å bli tatt på alvor av dei vaksne, sjølv om dei har ein høgare status nå enn dei hadde på den tida dette eventyret er frå. Vaktene og prestane trudde nok ikkje på alvor at ei lita jente ville snakke med kongen. Vaktene passa på at ingen vaksne skulle komme inn til han, og prestane hadde slik ein respekt for han at dei underhaldt med "Maskedans" då han kom inn i tempelet.

Dette vil eg ta omsyn til når eg skal drøfte kva funksjon eventyr kan ha for barn. Først vil eg sjå på Bruno Bettelheim sin utviklingspsykologi med tanke på dei eldste barna. Deretter vil eg diskutere verknadar eventyr kan ha for barnehagebarn.

I sin artikkel: "Eventyrterapi eller kunsten at gjennomleve barndommen" (s.30) refererer Møhl og Scack til Bruno Bettelheim's The Use og Enchantment: Eventyr og utviklingspsykologi:

Bruno Bettelheim belyser eventyrene utviklingspsykologisk. Hans grundlæggende tese er at eventyrene kan hjelpe barnet gjennom en række problemer i forbindelse med dets oppvækst – problemer, der ellers ville forekomme det lille barn meget vanskeligt at gjennomleve og løse.

Bettelheim slår altså fast at eventyra kan hjelpe barn å løyse vanskar dei opplever i si eiga verd. Eg oppfattar han slik at dette kan gjelde problem som oppstår når til dømes foreldra sviktar sine barn, at dei gjennomlever ei stor sorg, eller må leve med sjukdom til dømes.

Sett i eit psykologisk perspektiv kan eventyr og handle om korleis eit barn kjem seg gjennom puberteten og trer inn i vaksenlivet. Hovudpersonen er eit barn, gjerne ei jente, som opplever noko problematisk i livet sitt, som fører til at ho legg ut på ei reise. Dette symboliserar utviklinga frå barn til vaksen. På vegen oppstår hindringar, eller i psykologisk tyding vanskar med å akseptere den vaksne verda. Jenta kjem gjennom vanskane, og endar med å få "prinsen og halve kongeriket", eller at "de drakk bryllaup både stivt og sterkt", slik eventyr endar til vanleg. Dette er eksempel på korleis ein person kjem styrka gjennom motgong, og at puberteten er ein tidsavgrensa tilstand. Sjølv om livet kjennest vanskeleg, kan eventyra gi håp om ei lys framtid. Eksempel på slike eventyr er: "Prinsessa som ingen kunne målbinda" eller "Kvitebjørn Kong Valemon".

Ei slik tolking av eventyra krev noko av lesaren. Sjølv om eg er vaksen, tykkjer eg det er vanskeleg å sette meg inn i den psykologiske tolkinga. Det krev gjerne at nokon forklarar det først. Då vil det vera lettare å forstå.

Sjølv om eit eldre barn les slike eventyr og ikkje forstår det på dette planet, trur eg at det kan ha ein positiv verknad på det. Eventyret sin form med få persontypar, enkelt innhald og ein lukkeleg slutt kan lære eldre barn om positive og negative menneske som lever i eit samfunn, og kva som er rett og galt. Dei kan og lære kva val ein kan ha, og konsekvensar av val ein tar, og til dømes omtanke for andre og vennskap.

Sidan eventyra i starten var ein munnleg forteljartradisjon for vaksne, og seinare blei nedteikna av vaksne, kan mykje ha blitt forandra på vegen. Forfattaren kan ha lagt sine egne meiningar til grunn eller forfina innhaldet. Kjende Bettelheim til dette då han skreiv ned sine teoriar?

Sjølv om ein del blei endra, fins det ennå mange eventyr som har eit ganske voldeleg og gruffullt innhald som slett ikkje eignar seg for eldre barn. Det kan vere eit problem når barn skal velje eventyr sjølve. Likevel er det kanskje eit problem som er ennå større i dag, og det er nok å få eldre barn til å velje eventyr når dei skal lese noko sjølv. Det er etter kvart veldig mykje lesestoff å velje i. På den tida eventyr blei nedskrivne, var det lite utval, og det gjorde det mykje enklare få barn til å kjenne til og å vidareføre denne gamle folketradisjonen. I dag har barn så mange val, at eg fryktar for at dei ikkje kjem til å velje og lese denne viktige delen av kulturen vår. Er det sjølv sagt at han blir vidareført?

Eventyra kan ha ein litt annan funksjon for dei yngste barna. Dei er avhengige av at ein vaksen les for dei. I bøkene kan dei bli kjende med mange dyr. Reven, bjørnen og ulven er slike døme. Reven er den som lurar dei andre, eller får alle fordelane sjølv ved at han tenker smartare enn dei andre. Eventyret om "Pepperkakegutten" er eit døme på dette. Bjørnen blei "stubbrompa" fordi han let seg lure og frøys halen sin fast i isen. Barn kan lett tenke seg inn i reven si rolle. Dei vil identifisere seg med vinnaren. Slik kan dei lære at me har ulike rollar, og at det gjelder å velje rett.

Talet tre går ofte igjen i eventyra. I "Gullhår og dei tre bjørnane" kan tala frå ein til tre øvst inn, og former som stor, mellomstor og liten. Maten kan vere for varm eller for kald, og smakar best når han er akkurat passe. I "Dei tre bukkane Bruse" blir me i tillegg introduserte for trollet, som er ein mykje brukt eventyrfigur i dei norske folkeeventyra. Det representerar noko skummelt, og fører barna inn i fantasien si verd. Barn leikar ofte det dei erfarar i den verkelege verda, men treng gjerne hjelp til å komme inn i eventyrverda der alt kan skje. Der kan dei drøyme seg vekk og utvikle sin eigen kreativitet. Denne verda kan dei bli introduserte for gjennom eventyra. Sjølv om det kan vere skummelt, har dei ein vaksen person tett inntil seg når dei blir leste for.

Det negative kan her vere at barna er avhengige av dei vaksne sine val. I følge Bo Møhl og Maj Schack oppfattar dei små barna eventyra slik dei står, og til og med mange eventyr for små barn kan vere valdelege. I "Dei tre små grisane" dett ulven til slutt ned i ei glovarm gryte med vatn, og i "Raudhette og ulven" et ulven opp bestemora og får til slutt magen oppskoren og fylt med store steinar. Dette kan vera hard kost for dei yngste, og krev at vaksenpersonane er bevisste når dei finn eventyr for denne målgruppa, og kanskje samtalar om innhaldet.

I barnehagen brukar dei ofte å dramatisere eventyr. Eventyrsjangeren er enkel i forma og det er få karakterar med. Det gjer dei enkle å framføre sjølv for små barn. Til dømes treng du berre fire personar til å dramatisere "Dei tre bukkane Bruse". Den vaksne kan vere trollet, og så treng du tre "bukkar" i ulik storleik. Finn du ei lita bru ute i naturen, så har du kulissar utan å gjere noko som helst. Dette har eg vore med på mange gonger på uteområdet til barnehagen der eg bur. Barna er alltid like engasjerte. Dette blir ein leik for dei, og samstundes får dei trena opp hukommelsen når dei må huske rollane dei spelar.

Det er mange ulike målsettingar ein kan ha når ein arbeidar med eventyr i skulen. Den enkle, gjenkjennelege og faste forma på eventyra kan brukast som ein mal i mange fag, men eg vil konsentrere meg om norsk, forming og samfunnsfag. I den generelle delen av "Kunnskapsløftet" står det under hovudemnet "det skapande menneske" eit delemne som omhandlar "tre tradisjonar". I den tredje av desse tradisjonane står det:

Samtidig gir fri fabulering og fantasi, undring og dikting opningar for å skape livaktige, eventyrlege verder austanfor sol og vestanformåne – og ved det blir røyndomsverda meir mangesidig og fantastisk for alle.

Kunnskapsløftet gir altså rom for kreativ tenking, bruk av fantasi og skaparevne. Dette passar veldig godt i lag med eventyrsjangeren. Når det står: "eventyrlege verder austanfor sol og vestanfor måne" knyter kunnskapsløftet eventyr direkte til undervisninga.

Kva målsetting kan eventyr så ha i norskfaget? Det viktigaste målet er kanskje at elevane skal lære om oppbygginga av eventyr og lese dei for å kjenne til dei. Eventyret "Brevet til kongen" står gjengjeve i leseboka for 4.klasse, Safari 4, 2007. Ved at eventyr er gjengjevne i lærebøkene, kan ein betre sikra at elevane kjenner til desse, og skulebiblioteket er ein annan viktig arena for å gjere eventyra kjende for elevane. Her kan dei finna eventyrbøker sjølve og ta med seg til bruk i klasserommet. Utanom læraren spelar bibliotekaren ei viktig rolle. Det er han/ho som handlar inn bøker til skulebiblioteket, og eit samarbeid mellom dei er ein fordel slik at bibliotekaren veit kva tema elevane har om, og har passande bøker lett tilgjengeleg. Bibliotekaren kan ha opplesing for elevane i biblioteket. Elevane blir kjende med oppbygginga av dei, ved å høyre dei, men læraren bør og bevisstgjere elevane ved å gjere dei merksame på eventyra sine kjenneteikn. Døme på ei praktisk oppgåve som kan nyttast, er at eleven brukar denne malen når elevane skriv eigne forteljingar. Då får dei brukt sine eigne kreative evner, og blir bevisste oppbygginga av eventyr.

For å skrive eigne forteljingar, må elevane først kunne lese. Dei har blitt kjende med eventyra og bokstavane i barnehagen, men når dei begynnar på skulen, må alle lære å lese. Det kan vere vanskeleg å knekka denne koden. Ved å bruke eventyra som ein mal, eller eit verktøy, kan elevane bruke leiken og fantasien til å øve inn bokstavane, og lære å setje dei i saman. Då kombinerar læraren det kjende og det ukjende." Det var ein gong" er oppstarten av bokstavlæringa. Eleven er med på ei reise, der fleire bokstavar kjem til, og dei kan vere

hindringar som han/ho møter på vegen. Når reisa tar slutt, har eleven lært alle bokstavane, og kjem styrka ut av eventyret ved at dei har lært å lese. I skulen kan ein altså bruke eventyra for å oppnå andre mål. Eit døme på dette finnes i Halldis Eggebø Nessa sitt konsept "Bokstavkongen" og Kolbjørn Hauge si bok med same namn. Dette konseptet er i bruk på dei lokale skulane her.

Når elevane skal lære munnleg forteljning, kan dei og bruke eventyret si oppbygging. Starten og slutten er kjend. Alle som sjølv har høyrte eventyr kjenner til "Det var ein gong" og "så levde dei lukkelege alle sine dagar" eller "snipp, snapp, snute...". Talet tre kan hjelpe dei med å komme vidare i historia. Hovudpersonen må gjerne gjennom tre hindringar, eller det kan vere tre hjelparar. Slik kan sjølv små barn få til å framføre ei munnleg forteljning. Eventyr kan altså og brukast som eit verktøy for å nå mål om å kunne lage og framføre ei munnleg forteljning.

Illustrasjonane i eventyra synleggjer dei fantasifigurane dei handlar om. Ingen har sett trollet eller nøkken, men alle veit korleis dei ser ut. Theodor Kittelsen har laga nokre flotte svart/kvitt-teikningar til Asbjørnsen og Moe sine eventyr. Dei kongelege blir og ofte omtala i eventyra. Det kan vera ein konge og ei dronning og gjerne ei prinsesse eller ein prins. Døme på dette er "Prinsessa som ingen kunne målbinde" eller "Askepott". Dei bur i kongsgarden, eller i eit slott. I eventyrillustrasjonane blir dei framstilte på ein annan måte enn i den verkelege verda. Nokre kjenneteikn er at kongen og prinsessa har krone på hovudet sitt, og prinsen rir gjerne på ein hest. Kongen har ein rød fotsid kappe med, kvitt røysekattskinn med svarte spettar, og prinsessa har flott kjole på seg. Desse illustrasjonane har i alle år vore til inspirasjon for barn som teiknar. Dei er like kjende som eventyra. "Alle" veit kva ein prinsessekjole er. Han er fotsid, med mange kappar og har mykje pynt. Sidan desse figurane er så lette å kjenne igjen, er dei lette å bruke når elevar skal teikne illustrasjonar til sine eigne eventyr. Samstundes kan dei få elevane til å vidareutvikle dei ved å bruke sin eigen fantasi. På denne måten kan dei vere ein mal for å nå mål i formingsfaget.

Eit gruppemål kan til dømes vere å skape noko, og å samarbeide om eit felles produkt. Eit anna kan vere å lage ei utstilling. Sidan malen for eventyr er så kjend, kan han binde ei gruppe som skal skape noko ilag, saman. Det kan vere den felles plattformen gruppa treng for å kunne få til eit samarbeid. Alle kjenner til og kan vere med å lage eit sandslott

eller eit eventyrslott. Desse er godt eigna til å lage ei utstilling av. Eventyr er lette å dramatisere, så det kan og vere kulisser eller kostymer til ei førestilling.

Det er lett å få til tverrfaglege mål når ein bruker eventyr. Ved å sjå på eventyret, kan ein til dømes bruke matematiske mål og former for å konstruere eit slott, og kreative evner og samarbeid ved utføringa, og skapande evner for å lage ei utstilling. Ved å samanlikne med verkelege slott, kan ein og nå eit mål om at eleven skal kjenne til kjend arkitektur eller arkitektur. I formingsboka "Kunst- og håndverkstimen" for 1.-4.trinn (s.56) har Janne Lepperød og Trude Kallestad med ei slik oppgåve som dei har kalla "Soria Moria Slott".

"Kunnskapsløftet" har i sin læreplan i samfunnsfag eit underpunkt som heiter "Utforskaren" der det mellom anna er eit mål om at eleven skal kunne:

Skape og illustrere forteljingar om menneske som lever under ulike vilkår, og samanlikne livsvilkår.

I den norske skulen i dag går det ikkje lenger berre norske elevar. Det har vore stor innvandring av folk frå mange ulike kulturar i nyare tid. Felles for desse kulturane er at dei kjenner til eventyra frå sitt eige land. "Brevet til kongen", som er eit kinesisk eventyr, er eit døme på at oppbygginga av eventyr kan vere ganske lik rundt om i verda. Eventyr kan altså vere med å binde folk frå ulike kulturar saman. Dei kan fortelje noko om historia og levevilkåra til dei ulike kulturane rundt om i verda. Dersom eit mål i skulen er å "samanlikne livsvilkår", kan dei norske folkeeventyra vise dei framandspråkelege elevane noko om historia og levevilkåra våre, og eventyr frå deira land, hjelpe oss å forstå kva levevilkår dei kjem frå, og kjenne til historia deira. Eventyrmalen kan og brukast for å "skape og illustrere forteljingane" til norske og utanlandske barn til dømes, sidan alle er kjende med han.

Alt dette viser kor viktige eventyra er i dag. Me treng denne gamle kulturtradisjonen sjølv om me lever i eit moderne samfunn der me fløymer over av informasjon. Barnehagen, skulen og skulebiblioteket er viktige arenaer for å vidareføra eventyrkulturen vår. Som skulebibliotekar vil eg nå vere meir bevisst på dette.

Litteratur:

Kverndokken, Kåre og J. Bakke, *Safari 4*, Oslo: Gyldendal 2007

Lepperød, Janne og Trude Kallestad, *Kunst-og håndverkstimen*, Sandefjord:

Læremiddelforlaget 2006

Mjør, Ingeborg, Tone Birkeland og Gunvor Risa, *Barnelitteratur*, Oslo: Cappelen 2006

Møhl, Bo og Maj Schack: *Når barn leser*, København: Gyldendal DK 1980

Møhl, Bo og Maj Schack: *Eventyrterapi eller kunsten at gjennomleve barndommen*, "Bixen", nr. 5, 1978.

Hauge, Kolbjørn og Halldis Eggebø Nessa, *Bokstavkongen.no* 2013 URL:

<http://www.bokstavkongen.no/> (17.01.2014)

"Omtale av boka Abekongen", *Scanalka.no* URL:

<http://www.scanalka.no/proddetail.php?prod=108> (17.01.2014)

Utdanningsdirektoratet: "Generell del av læreplanen", *Kunnskapsløftet*, 21.12.2011 og

"Læreplaner for fag", *Kunnskapsløftet*, 01.10.12 URL:

<http://www.udir.no/Lareplaner/Kunnskapsloftet/> (16.01.2014)